

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 103/2006

av 22. september 2005

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 42/2006 av 28. april 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2005/414/EF av 30. mai 2005 om endring av vedlegg I til vedtak 2003/634/EF om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 4.2 i avtala, under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*”, skal nytt strekpunkt i nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF) lyde:

”– **32005 D 0414:** Kommisjonsvedtak 2005/414/EF av 30. mai 2005 (EUT L 141 av 4.6.2005, s. 29).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2005/414/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 175 av 29.6.2006, s. 86, og EØS-tillegget til TEU nr. 34 av 29.6.2006, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 141 av 4.6.2005, s. 29.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 22. september 2006.

For EØS-komiteen

Oda Helen Sletnes

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.